

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP

Møtedato: 23.04.2026**Møtestad:** Formannskapssalen 3. et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:00 - 15:30**Behandla saker:** 32-47/2026

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Emil Tetlie Brimsholm	H
Espen Aspenes	FrP
Helge Steinum	Ap
Jakob Enerhaug	KrF
Laila Marie Reiertsen	FrP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Terje Søviknes	FrP
Trine Lindborg	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Jon-Ivar Revne	INP

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Jakob Enerhaug	KrF

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjefane Monica Totland Melvold, Line Rye og Eystein J. Venneslan, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
32/2026	26/3501 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
33/2026	26/3501 Nytt frå administrasjonen
34/2026	26/931 Avkastningsrapport pr februar 2026
35/2026	26/931 Avkastningsrapport pr mars 2026
36/2026	26/931 Justering av grunnkapital - 2026
37/2026	25/625 Finansrapport 2026 og styrking av Bufferfond Finans
38/2026	25/21673 Harmonisering av renovasjonsgebyr for lukeåpningar
39/2026	25/23255 Bruk av formannskapetets disposisjonsfond: Os & Fusaposten sitt sommarmagasin 2026
40/2026	25/16879 Mellombels endring av Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve Bjørnafjorden kommune 2025-2029
41/2026	24/954 Forlenging av avtale med Ungdom i aktivitet om leige av Bergstø gard
42/2026	26/1379 Parkeringsløyving Eikelandssosen
43/2026	26/3037 Tildelingskriteria og vedtakspraksis for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden
44/2026	26/2235 Tilknytingsgebyr, nivå
45/2026	26/3501 Politisk kvarter
46/2026	26/3501 Næringslivets kvarter
47/2026	25/24395 Rekneskapsrapport pr. mars 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 12.03.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 32/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09:00

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 12.03.2026 blei godkjend.

Merknader til saklista frå ordførar Terje Søviknes, FrP

- I sak 33/2026 blir det ei utvida orientering om heilskapleg innsats- og bustadstrapp
- Sak 47/2026 blir behandla saman med dei andre økonomisakane tidlegare i møte.
- Det er kome inn ein del spørsmål til politisk kvarter, desse blir svara ut i sak 45/2026 politisk kvarter

Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 12.03.2026 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknader.

33/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 33/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Kommunedirektør Arild M. Steine orienterte om følgjande:

- Det er to saker som går rett til kommunestyret
 - Gebyr småelektriske kjøyretøy
 - Forsvarsforum Vestland
- Ferdig revidert rekneskap
- Heildøgns omsorgsbustad - orientering frå kommunalsjef Eystein Vennesland
- Informasjon om dimensjoneringsprosjekt - orientering frå kommunalsjef Monica Totland Melvold, prosjektleiar Anne Berit Karlsen og prosjektleiar Maria Bjørdal

Møtet blei midlertidig heva kl. 09:16

Møtet blei sett att kl. 09:24

Møtet blei midlertidig heva kl. 10:26

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

34/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR FEBRUAR 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. februar 2026 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 34/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 10:35

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. februar 2026 frå Norne Securities til orientering.

35/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR MARS 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mars 2026 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 35/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mars 2026 frå Norne Securities til orientering.

36/2026 - JUSTERING AV GRUNNKAPITAL - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 7,2 mill. kr.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar i tillegg at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 11,2 mill. kr, ref K-sak 90/2023.
3. Beløpa blir dekket ved overføring av midlar frå kommunestyret sitt disposisjonsfond, konto 25600007.

Behandling og vedtak i sak 36/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 7,2 mill. kr.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar i tillegg at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 11,2 mill. kr, ref K-sak 90/2023.
3. Beløpa blir dekket ved overføring av midlar frå kommunestyret sitt disposisjonsfond, konto 25600007.

37/2026 - FINANSRAPPORT 2026 OG STYRKING AV BUFFERFOND FINANS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar Finansrapport for 2025 til orientering.
2. Kommunestyret vedtar å styrke Bufferfond Finans (konto 25600001) med kr. 4.302.709,- slik at ny saldo blir kr. 40.000.000.
3. Midlane skal overførast frå Kommunestyret sitt disposisjonsfond (konto 25600007).

Behandling og vedtak i sak 37/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret tar Finansrapport for 2025 til orientering.
2. Kommunestyret vedtar å styrke Bufferfond Finans (konto 25600001) med kr. 4.302.709,- slik at ny saldo blir kr. 40.000.000.

3. Midlane skal overførast frå Kommunestyret sitt disposisjonsfond (konto 25600007).

38/2026 - HARMONISERING AV RENOVASJONSGBYR FOR LUKEÅPNINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å endre pris på renovasjonsgebyr for 2026 slik at pris pr. lukeåpning (varekode 1510) blir redusert frå kr. 22,50 til kr. 11,25.
Endring skal skje med virkning frå 1/1 2026.
Vedtaket er i tråd med forslag frå BIR AS.

Behandling og vedtak i sak 38/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 11:32
Saka blei behandla etter sak 47/2026

Votering:
Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å endre pris på renovasjonsgebyr for 2026 slik at pris pr. lukeåpning (varekode 1510) blir redusert frå kr. 22,50 til kr. 11,25.
Endring skal skje med virkning frå 1/1 2026.
Vedtaket er i tråd med forslag frå BIR AS.

39/2026 - BRUK AV FORMANNSKAPETS DISPOSISJONSFOND: OS & FUSAPOSTEN SITT SOMMARMAGASIN 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden formannskap løyver kr 60 000 frå formannskapets disposisjonsfond (fondsnummer 25600002) til å kjøpa seks innhaldssider i Os & Fusaposten sitt sommarmagasin 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera budsjettreguleringa.

Behandling og vedtak i sak 39/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Votering:
Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 7 stemmer (3FrP, 2H, 1KrF, 1SV) mot 2 stemmer (2Ap) og blei vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap løyver kr 60 000 frå formannskapetets disposisjonsfond (fondsnummer 25600002) til å kjøpa seks innhaldssider i Os & Fusaposten sitt sommarmagasin 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera budsjettreguleringa.

40/2026 - MELLOMBELS ENDRING AV RETNINGSLINJER FOR SALS- OG SKJENKELØYVE BJØRNAFJORDEN KOMMUNE 2025-2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Maksimaltida for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 i *Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029*, blir endra til kl. 06.00 i tråd med foreslått lovendring frå Helse- og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026 under forutsetning av at lovendinga blir vedtatt. Utvida skjenketid har vilkår om at skjenkestaden viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestane sine.

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet, og til netter med eventuelle kampar i seinare utslagsrundar, der kampene etter tidsoppsett kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026. Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare arrangement.

Behandling og vedtak i sak 40/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet

Endring 1 (FrP/H) - justering sluttspill

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet. I tillegg gjeld utviding av maksimaltida for skjenking netter der kampar i sluttspillet kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid. For sluttspillet gjeld dette uansett om Noreg spelar eller ikkje.

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet

Tillegg - FrP/H (servering i telt)

Servering i lukka telt er å rekna som servering innandørs.

Behandling:

Votering:

Forslag om at vi lokalt i Bjørnafjorden ikkje nyttar oss av moglegheita til utvida skjenking under VM fekk 2 stemmer (1SV, 1KRF) og fall.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak som ein heilheit fekk 3 stemmer (2Ap, 1KRF) og fall.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med tilhøyrande endringsforslag fremma av Terje Søviknes, FrP fekk 5 stemmer (3FrP, 2H) og blei vedtatt.
Tilleggsforslag fremma av Terje Søviknes, FrP fekk 7 stemmer (3FrP, 2H, 2Ap) og blei vedtatt.

Vedtak:

Maksimaltida for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 i *Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029*, blir endra til kl. 06.00 i tråd med foreslått lovendring frå Helse- og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026 under forutsetning av at lovendringa blir vedtatt. Utvida skjenketid har vilkår om at skjenkestaden viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestane sine.

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet. I tillegg gjeld utviding av maksimaltida for skjenking netter der kampar i sluttspillet kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid. For sluttspillet gjeld dette uansett om Noreg spelar eller ikkje.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026. Servering i lukka telt er å rekna som servering innandørs. Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare arrangement.

41/2026 - FORLENGING AV AVTALE MED UNGDOM I AKTIVITET OM LEIGE AV BERGSTØ GARD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev kommunedirektøren fullmakt til å forlenga leigeavtala med Ungdom i aktivitet til ti år, og å utvida oppseiingstida i avtala til eitt år.

Behandling og vedtak i sak 41/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Kommunalsjef Line Rye orienterte i saka.

Møtet blei heva for gruppemøte kl. 12:11
Møtet blei sett att kl. 12:16

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet gjev kommunedirektøren fullmakt til å forlenga leigeavtala med Ungdom i aktivitet til ti år, og å utvida oppseiingstida i avtala til eitt år.

42/2026 - PARKERINGSLØYSING EIKELANDSØSEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innføring av parkeringsavgift i Eikelandssøsen vert stilt i bero til parkeringsdekninga er høgare.

Behandling og vedtak i sak 42/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Innføring av parkeringsavgift i Eikelandssøsen vert stilt i bero til parkeringsdekninga er høgare.

43/2026 - TILDELINGSKRITERIA OG VEDTAKSPRAKSIS FOR HELSE- OG VELFERDSSEKTOREN I BJØRNAFJORDEN

Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 21.04.2026 - 19/2026

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

Behandling og vedtak i sak 43/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Tildelingskriteria og vedtakspraksis for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden

Saka vert vedteken med strykning/sletting av siste avsnitt i framlegg til vedtak som omhandlar transportgebyr. Bjørnafjorden kommune innfører ikkje dette gebyret.

Behandling:

Rådgivar Anne-Lise Aaseng og fagleiar Kari Wågsæther orienterte i saka.

Votering:

Innstillinga frå Tenesteutvalet med unntak for siste avsnitt blei einstemmig vedtatt
Siste avsnitt i innstillinga frå Tenesteutvalet fekk 6 stemmer (3FrP, 2H, 1KrF) mot 3 stemmer (2Ap, 1SV) og blei vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

44/2026 - TILKNYTINGSGEBYR, NIVÅ

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek at:

- gebyrregulativ for tilkoplingsgebyr vert frå 2027 redusert med 10%.
- Forskrifta for vass og avløp vert endra slik at areal knytt til parkering ikkje blir rekna med i gebyrgrunnlaget for tilkoplingsgebyr..

Behandling og vedtak i sak 44/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak punkt 1 blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak punkt 2 blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek at:

- gebyrregulativ for tilkoplingsgebyr vert frå 2027 redusert med 10%.
- Forskrifta for vass og avløp vert endra slik at areal knytt til parkering ikkje blir rekna med i gebyrgrunnlaget for tilkoplingsgebyr..

45/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 45/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Framlegg til vedtak frå Laila Marie Reiertsen, Fremskrittspartiet

Deltid og overtid

Mange tusen deltidstilsette landet rundt kan ha krav på utbetaling av overtidspengar attende i tid, i alle fall om ein skal legge to ferske tingrettsdommar til grunn. Dei slo fast at deltidansatte har rett på kompensasjon fra første time ein arbeider utover avtalt tid, ikkje først når arbeidsmengden overskrider vanleg fulltid.

Dommane er anka og kjem truleg til å gå heile vegen til Høyesterett.

Samstunds har arbeidsminister Kjersti Stenseng (Ap) langt på veg slått fast [at reglene må endr](#)ast. Det har hun gitt beskjed om til ei arbeidsgruppe som skal komme med sine anbefalinger etter sommeren (sept). Korleis ser kommunen på denne saka? Og gjer ein noko allereie no?

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet

Orientering om Bergen Havn

Det vil i møtet bli gitt en orientering etter nylig avholdt eiermøte i Bergen Havn.

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Brann og redning, bevilgning til ny båt

Bjørnafjorden er heilt avhengig av at brann og redning har dei ressursane som trengs for å sikra forebygging og beredskap.

I budsjettet for 2026 såg vi i Ap på prioriteringslista til brann og redning som naudsynste investeringar for både tilsette og for tryggleiken til befolkninga. Vi la difor inn 5 millionar for 2026, og auka investeringane i samsvar med prioriteringslista for brann og redning utover i økonomiplanperioden.

No har vi igjen for kort tid sidan opplevd kor kritisk det er å få investert i ein båt til brannvesenet. Ein båt som er brukande og stettar dei behova som krevst med omsyn til størrelse, motorkraft og trygghet for både mannskap og innbyggjare. Vi i Ap oppmodar Frp, H, INP og Krf om å revurdera sitt budsjett kor ein ikkje tok hensyn til prioriteringslista vi fekk frå Brann og Redning,- men berre støtta opp om eit innsparingskrav som dei i fleire år har vist at dei umogleg greier å oppnå. Ordførar har vore ute i media etter ulykka ved bølgebrytarane og snakka om dugnad. Det er vel og bra, men her har vi som kommune eit klart ansvar for å gå i front med å visa vilje til å bevilga. Har ordføraren sett i gang ei sak opp mot eksterne, eller andre kommunar i denne saka?

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Kuventræ sentalidrettsanlegg

Ønskjer ei oppdatering kring stoda på friidrettsanlegget på Kuventræ. Det vart tidlegare varsla ei sak til politisk handsaming i vår.

Er denne i rute, og har ein fått meir innsikt i kva som må gjerast og ei eventuell tidslinje for utbetring?

Har ein møtepunkt og dialog med Os Turn om framdrift og tiltak?

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Stupebrett Mobergsvika

Vi har heldigvis fått litt vårstemning denne siste veka, og då kjem spørsmåla om vår og sommaraktivitetar raskt opp.

Korleis er stoda kring midlar til stupebrett i Mobergsvika, og er det eventuelt lagt noko plan på kortid det kan utbetrast/settast opp nytt?

Behandling:

Laila Reiertsen, FrP fremførte sitt spørsmål til politisk kvarter om deltid og overtid HR-sjef Ingrid Askvik svara på spørsmålet: Kommunen følger råda som kjem frå KS

Ordførar Terje Søviknes, FrP orienterte om Bergen Havn.

Det vart nyleg holdt eit eigarmøte i Bergen Havn kor knytt til det blei diskutert prosessen mellom Øygarden og Bergen kommunar og flytting av godshandtering til Ågotnes. Det ble presentert verdivurderingar av eksterne partar, desse er sendt til medlemane i Bjørnfyorden formannskap. Korleis det utviklar seg vidare gjenstår å sjå og det vil koma ei sak som skal formelt behandlast etterkvart.

Trine Lindborg, Ap fremførte sitt spørsmål om brann og redning, bevilgning til ny båt

Ordførar Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet:

Det er ikkje tatt noke spesifikt initiativ i forhold til samfinansiering eller spleiselag. Det må være ein del av det ordinære budsjettarbeidet.

Trine Lindborg, Ap fremførte sitt spørsmål om Kuventræ sentalidrettsanlegg

Kommunalsjef Eystein Venneslan svara på spørsmålet.

Det kommer en sak til politisk behandling i juni. Kommunen har ikkje vore i kontakt med andre instansar under forarbeidane.

Trine Lindborg, Ap fremførte sitt spørsmål om stupebrett Mobergsvika

Ordførar Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet:

Om det blir pengar igjen frå Tellaviko kunne desse brukast til oppgraderingar i Mobergsviko. Pt er det ikkje pengar til overs, så ein må vurdera om ein skal bevilga pengar eller søkja ut etter samarbeidspartar.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

46/2026 - NÆRINGSLIVETS KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 46/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Det var ingen innkomne spørsmål til næringslivets kvarter.
Saka utgår.

Møtet blei heva kl. 13:28

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

47/2026 - REKNESKAPSRAPPORT PR. MARS 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2026 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 47/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 37/2026

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva for lunsj kl. 11:02

Vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2026 til orientering.